



--

Arkiv saknr:	2008/2886
Løpenr.:	20733/2018
Arkivkode:	143

Utval	Møtedato	Utval Saksnr
Kommunestyret	18.10.2018	18/79

Sakshandsamar: Lotte Næss

PlanID 20080014 Framlegg til kommunedelplan Vågslid - alternativ 1 - endeleg vedtak

Vedlegg:

- 1 Framlegg til kommunedelplan Vågslid plankart alternativ 1
- 2 Framlegg til kommunedelplan Vågslid føresegner alternativ 1
- 3 Referat frå meklingsmøte 07.03.2018 - Kommunedelplan for Vågslid

Dokument i saka:

Kst-sak 17/66 m/vedlegg

Plm-sak 13/19 m/vedlegg

Plm – sak 18/122 m/vedlegg

Bakgrunn:

Framlegg til kommunedelplan Vågslid, alternativ 2, blei vedteken i kommunestyret 19.10.17, sak 17/66. Samstundes blei det vedteke at handsaming av alternativ 1 blir utsett til etter mekling med fylkesmannen. Bakgrunnen for det var fylkesmannens motsegn mot byggeområde sør for vassdraget mm i alternativ 1.

Det var meklingsmøte med fylkesmannen 07.03.18. Partane kom ikkje fram til nokon semje i møtet, sjå referat vedlegg 3. Vidare saksgang er då at plan- og miljøutvalet og kommunestyret tek stilling til om ein vil halde fast ved alternativ 1. Saka går i så fall via fylkesmannen til Kommunal- og moderniseringsdepartementet til endeleg avgjerd, jfr pbl § 5 - 6.

Plan- og miljøutvalet hadde saka til handsaming 26.09.18, sak 18/122. Utvalet ynskte at berre oppdatert plankart og føresegner var vedlegg i saka. Av arkivtekniske årsaker blir det difor lagt fram ei ny sak.

I saka til plan- og miljøutvalet hadde administrasjonen fleire framlegg til endringar, på bakgrunn av innspel og erfaringar med alternativ 2. Plan- og miljøutvalet ynskte å fremje saka utan endringar. Framlegg til endringar er difor tekne ut av saka her. Ein kan sjå dei i plm-sak 18/122.

Plankart og føresegner, alternativ 1, er no revidert tilsvarande alternativ 2 og kommunestyrets vedtak 19.10.17, sak 17/66, sjå vedlegg 1 og 2.

Vurdering:

Rådmannen kan ikkje sjå nokon grunnar til å endre på tidlegare standpunkt vedk. byggeområde på sørsida av vassdraget, og rår til å vedta alternativ 1. Fylkesmannen har i sine merknader uttalt at spørsmålet om villrein ikkje var tilstrekkeleg utgreidd. På meklingsmøtet sa dei likevel at det ikkje skulle vere til hinder for å bli einige om ei løysing. Rådmannen har vurdert om kommunen burde få utarbeidd ytterlegare utgreiningar for å stå sterkare vidare i prosessen, men konkluderer med at det ikkje er nødvendig.

Rådmannens framlegg til vedtak i sak 18/122 :

Framlegg til kommunedelplan Vågslid, alternativ 1, blir vedteken i medhald av pbl § 11-15, med endringar som er nemnde i rådmannens vurdering.

Rådmannen,
Jan Myrekrok, rådmann /s/

Handsaming i Kommunestyret 18.10.2018:

Framlegget frå plan- og miljøutvalet blei samrøystes vedteke.

Framlegg til kommunedelplan Vågslid, alternativ 1, blir vedteken i medhald av pbl § 11-15, alternativ 1 må oppdaterast tilsvarande alternativ 2 og kommunestyrets vedtak 19.10.17, sak 17/66.
--

Handsaming i Plan- og miljøutvalet 26.09.2018:

Framlegg frå Sp v. Tone Edland:

Framlegg til kommunedelplan Vågslid, alternativ 1, blir vedteken i medhald av pbl § 11- 15, alternativ 1 må oppdaterast tilsvarende alternativ 2 og kommunestyrets vedtak 19.10.17, sak 17/66.

Framlegget frå Edland blei samrøystes vedteke.

Framlegg til kommunedelplan Vågslid, alternativ 1, blir vedteken i medhald av pbl § 11-15, alternativ 1 må oppdaterast tilsvarende alternativ 2 og kommunestyrets vedtak 19.10.17, sak 17/66.

Saksordførar: Tone Edland